



Statens vegvesen

Lindås kommune
Arealplan
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	
25. 03. 2014	
Ark. saknr.:	
Saksnr.:	Tilgjeng.

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2011/007966-011

Dykkar referanse:
2013/2150 - 0 -
28848/2013

Vår dato:
21.03.2014

Mindre reguleringsendring Tveiten - Garveritomta - gnr. 138 bnr. 21 og 11 - Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 20.12.13 med framlegg til mindre reguleringsendring for gnr. 138, bnr. 21, Garveritomta og gnr. 138, bnr. 11 Tveiten i Alversund i Lindås kommune. Brevet med tilhøyrande dokumenter har diverre kome på avvegar internt i Statens vegvesen og har difor ikkje kome oss i hende før 21.03.14.

Statens vegvesen har vurdert framlegget til mindre endring av tidlegare utlagt reguleringsplanframlegg og har følgjande merknader:

I det nye planframlegget er det lagt opp til endra tilkomst til parkeringsanlegget i nord. Som følge av denne endringa er det framlegg om parkeringsplassar på sørsida av avkøyringa til området der tilkomsten til tidlegare viste parkeringsanlegg var lagt.

Frisiktsona for avkøyringa til planområdet bandlegg deler av dette parkeringsarealet. Vi gjer merksam på at det ikkje kan tillatast parkeringsplassar innanfor frisiktsoner til avkøyringar og kryss.

Tilsvarande er det vist at frisktsona kjem i konflikt med areal avsett til «Andre kommunalteknisk anlegg ØK1», som i føresegnene til planer er avsett til areal for mogleg trafo/nettstasjon og oppstillingsplass for søppeldunkar. Det viste arealet kan ikkje nyttast til eit slikt føremål som kjem i konflikt med siktsona i avkøyringa.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik
Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen